



Adresseinformasjon fylles inn ved ekspedering.
Se mottakerliste nedenfor.

Dato: 10.11.2021
Vår ref.: 21/00498-50

Spesialisthelsetenester; tilbud i Voss og i regionen

Eldrerådet på Voss har i ein uttale kome med innspel til spesialisthelsetenester på Voss og i vår region. Det å få levert desse tenestene desentralisert, vil vera til stor glede for veldig mange pasientar. Fleire er eldre og mange har trong for tenester jamleg. Voss heradsstyre handsama uttalen og samla seg om å støtta eldrerådet. I tillegg til dei nemnde spesialisthelsetenestene frå Eldrerådet, vil heradsstyret løfta fram behovet for tilstrekkeleg med kjeveortopedressurs i distriktet. Me ber om at de tek med innspela våre i arbeidet for pasientane og at spesialisthelsetenester vert tilgjengeleg på Voss og i vår region.

Uttale frå Voss eldreråd, som heradsstyret på Voss har slutta seg til:

Voss eldreråd har i fleire samanhengar påpeika behovet lokalt og regionalt for spesialisthelsetenester, både i innspel til plan for tenesteutvikling i helse- og omsorgssektoren, og i budsjettssamheng. Konkret har det fleire gangar vore etterlyst ei ordning med audiograf/ audiolog, der alle no må reisa til Bergen – også for korte sjekkar.

Avisa Hordaland hadde 02.09. eit større oppslag om situasjonen for augnelegetenester. Det er svært stor pågang frå Voss, i Indre Hordaland og i Sogn (der klinikken i Sogndal no er flytta til Førde) til den eine augnelegen på Voss. Det er dermed stor bekymring for situasjonen når noverande går av med pensjon. Seinare har det kome fram at det er om lag same situasjon for hudspesialist.

I same avisa uttalar Ola Jøsendal, ass. fagdirektør i Helse Vest, at det er Helse Vest som avgjer om heimelen for augnelege på Voss skal vidareførast. «*Helseføretaket vil også diskutera innspel om at det eventuelt skal vurderast ein to-lege-heimel på Voss.*»

Voss eldreråd, innbyggjarane i Voss og i regionen er glade for at vi har tilgang til fleire spesialistlegetenester gjennom Voss sjukehus, men behovet for tenester frå audiograf/ audiolog, augnelege og hudlege synes å vera svært stort. Ved tenester berre i Bergen vil det gå med mykje tid, tapte arbeidsdagar – også for pårørande som ofte må følgja eldre. Pasientreisene kostar truleg også store summar.

Endring i tenestetilbodet krev truleg lang tid, både med tanke på samla vurdering i Helse Vest/ Helse Bergen, og med tanke på rekruttering av spesialistar til Voss.



Voss herad

Voss eldreråd meiner derfor Voss herad må ta eit snarleg initiativ til Helse Bergen/ Helse vest om ein samla avtale om spesialisthelseteneste lokalisert på Voss.

Brevet vert også sendt til Samarbeidsutvalet i Voss lokalsjukehusområde for handsaming.

Med vennleg helsing
Hans Erik Ringkjøb
Ordførar
Tlf: 97138720

Dokumentet er elektronisk godkjent og treng ikkje signatur

Vedlegg:

Vedtak HST, 21.10.2021, Sak 61/21, Spesialisthelsetenester; tilbod i Voss og regionen
Saksutskrift - Spesialisthelsetenester; tilbod i Voss og regionen

Kopi til:

ULVIK HERAD

Kjersti Nordanger, Kommunalavdeling Helse og omsorg

Mette Marit Stark, Kommunalavdeling Helse og omsorg

Gullborg Osgjerd Rekve, Kommunalavdeling Helse og omsorg

Eystein Hauge, Kommunalavdeling Helse og omsorg

Torstein Gunnarson

Vik kommune

Kvam herad

Vaksdal kommune

EIDFJORD KOMMUNE

ULLENSVANG KOMMUNE

AURLAND KOMMUNE

Voss sjukehus (Helse Bergen)

Mottakar:

Reidun Braut Kjosås

HELSE BERGEN HF